



Veging og analyser av mjølkeprøver er nyttig!

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE - Topp Team Fôring Geit

Hege Gonsholt, TINE - Topp Team Fôring Geit

Sammendrag

Utvikling i mjølkeyting og kjemisk innhold, samt holdutvikling og vomfunksjon hos geitene, gir det beste svaret på om den fôringa ein har planlagt og gjennomfører i praksis er fornuftig og riktig.

Publisert

2014

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2014

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no

Veging og analyser av mjølkeprøver er nyttig!

Utvikling i mjølkeyting og kjemisk innhold, samt hold- utvikling og vomfunksjon hos geitene, gir det beste svaret på om den føringa ein har planlagt og gjennomfører i praksis er fornuftig og riktig.

Tankmjølkeprøver gir oss eit grovt bilde av utviklinga når det gjelder gjennomsnittsyting og korleis tørrstoffinnhaldet og celletalet utviklar seg i geitmjølka utover i laktasjonen. Men god produksjonsstyring i besetninga krev at ein har gode registreringar på kvart enkelt dyr gjennom laktasjonen. Har ein det kan ein styre både på enkeltdyrnivå, gruppenivå eller besetningsnivå alt etter behov.

Fyrste kontroll bør gjennomførast innan ein måned etter at hovuddelen av geiteflokken har kjea. Tilrådinga i Geitekontrollen er 15 dagar etter kjeing for enkeltgeiter. Deretter bør ein vege og ta ut prøver med om lag ein månads mellomrom fram til beiteperioden startar. Minst ei veging skal gjerast i beiteperioden og den siste veginga bør komme om lag ein måned før avsining (*sjå forslag til vegeplan i figur 1*).

Ta speneprøver av geiter med høge celletal

For å ha god kontroll på jurhelsestatus bør ein ta ut prøver på *alle* vegingar sjølv om dette ikkje er krav i Geitekontrollen. Gjer det til rutine å sende inn speneprøver av geiter som har celletal over 1 mill. (i inneføringperioden) for å sjekke om det er smittsame mastittbakteriar som er årsaka. TINE Mastittlaboratoriet tar kr 50,- per geit for å analysere speneprøver.

Kva gjer ein med geiter som har høge celletal?

Geiter med infiserte jur i starten av ein laktasjon må ein vurdere å behandle eller utrangere, eventuelt mjølke til slutt dersom det er praktisk mogleg. Avsining og behandling med langtidsverkande antibiotika er aktuelt dersom geitene er komne noko ut i laktasjonen. Geiter med påviste mastittbakteriar i jur kan produsere mjølk med normal utsjånad, men har som oftast eit svært høgt celletal og stor variasjon frå dag til dag. *Staphylococcus aureus*, som er den mest vanlege mastittbakterien hos geit, kan smitte frå dyr til dyr blant anna via mjølkeorgan. For å halde smittepresset nede er det difor svært viktig å komme tidleg i gong med prøvetaking for å identifisere geiter som er smittebærarar

og hindre at smitten spreier seg i flokken.


Laktasjonsoversikt på TINE Medlem

Laktasjonsoversikt viser nivå for flokken etter laktasjonsnummer for ulike parameter, blant anna yting, celletal, tørrstoff (PLF) og frie fettsyrer. Oversikten vert oppdatert etter kvar veging. Eit svært godt mål på kjeoppdrettet er å sjå på yting og tørrstoffproduksjon hos 1.-laktasjonsgeitene. Dersom kjeoppdrettet har vore godt, bør åringane produsere minst 80% av dei vaksne sin produksjon.

Tabell 1. Forslag til god vegeplan i Geitekontrollen (kjeing ved starten av året). Vi tilrår å ta ut mjølkeprøver på alle vegingar.


1. veging	Innan 1 måned etter at hovuddelen av flokken har kjea (ca. dato for 1. kontrolldato på kjeingsliste).
2. veging	Om lag 1 måned etter første veging.
3. veging	Om lag 1 måned etter andre veging.
4. veging	Midt i beiteperioden.
5. veging	Om lag 1 måned før avsining.

Kg melk i kontrollen 2012 gj.snitt per geit. Førstelaktasjonsgeiter ligg på litt over 85% av mjølkemengda til eldre geiter



Figur 1

Voksne geiter og 1. laktasjonsgeiter kg mjølk i kontrollen 2012. Førstelaktasjonsgeiter mjølkar ca 60% av avdråtten hos eldre geiter



Figur 2



(Foto: Hege Gonsholt)

God registrering gir grunnlag for langsiktig produksjonsstyring

Variasjon i mjølkemengde og innhold i mjølk er stor, både mellom individ og mellom ulike grupper i same flokk. Skilnad i yting hos førstelaktasjonsgeiter og eldre geiter kan vere stor i enkelte flokkar og mindre i andre. Ulik strategi for oppdrettsføring er ein viktig årsaksfaktor, men også føringa etter kjeing har mykje å seie for avdråttutviklinga i dei to gruppene.

Figurane under syner mjølkekurver i to besetningar, der avdråtten hos førstelaktasjonsgeiter i høve eldre geiter er svært ulik. I den eine besetninga er ytinga hos førstelaktasjonsgeitene berre 60% av ytinga til dei eldre geitene. Kvi for er det slik? Bør det vere slik dersom ein til dømes har problem med å fylle kvota? *Kvifor oppnår den andre besetninga så god mjølkeyting på førstelaktasjonsgeitene?*

Når ein har regelmessige og riktige registreringar for mjølkeyting gjennom laktasjonen, får ein gode tal for avdråttensnivå og avdråttutvikling i ulike aldersgrupper. På dette grunnlaget kan ein analysere årsaksforhold og drive god produksjonsstyring i høve til dei mål ein set seg.

Vekt geit	Yting kg mjølk	Fett-%	Prot-%	Lakt-%	Sum TS	Energibehov FEM/dag
60	3	3,5	3,1	4,4	11,0	2,08
60	4	4,1	3,2	4,4	11,5	2,66

Rettt fordeling av kraftfôr gir betre utnytting av grovfôret

Skilnaden i yting og innhold i mjølka mellom geiter i ulike aldersgrupper er stor. Trongen for energi og protein til mjølkeproduksjon er sjølvsagt svært ulik, alt etter yting og tørrstoffinnhold i mjølka. Dette kan illustrerast ved eksempelet under.

Skilnad i energibehov er ca. 0,6 FEM. Utan å differensiere energitilførselen gjennom ulikt kraftfôrinnvå mellom avdråttgrupper, er det klart at ein får dårleg utnytting av det kraftfôret ein set inn i produksjonen. Fleire og fleire har mjølkesystem og føringssystem som gir høve til ei rettare fordeling av kraftfôret mellom grupper av geiter med ulikt yttingsnivå (energi-korrigert mjølk).

Vi veit også at kraftfôr har ein klar substitusjonseffekt. Det vil seie at for kvar kg kraftfôrtørrstoff ein gir vil dette redusere opptaket av grovfôrtørrstoff med ein viss del. Substitusjonseffekten er avhengig av grovfôrqualität og tidspunkt i laktasjonen. Substitusjonseffekten er størst i tidleg laktasjon og ved god grovfôrqualität.

Det er altså viktig for best mulig utnytting av grovfôret at ein

Melkepumpe for sau og geit

Råmelk: Flytende gull



Pass på at trillingene får nok råmelk.

Pris kr. 1475,-
+ mva/porto

Hans Næss
Haganes, 5574 Skjold
Tlf.: 918 13 432

Eneresepresentant for Scandinavia
for Wheeler Enterprises Inc.
EZ Animal Products, USA.

Innredning for sau, geit og storfe

Strekkmetall



Korgen Mek Verksted AS

8646 Korgen

Tlf.: 75 19 11 90
Mob.: 47 32 26 65
Fax: 75 19 11 90

E-post: post@korgenmek.no

differensierer kraftfôrinnvå etter yting og unngår overføring med kraftfôr over lang tid til geiter som ikkje har behov for det. Det er viktig å kome i gang med mjølkeveging og få oversikt over utviklinga i yting frå eit tidleg tidspunkt i laktasjonen.

Fordelar vi kraftfôret på rett måte gjennom laktasjonen?

Geitene sin kapasitet til å ta opp grovfôr er låg omkring kjeing og stig så gradvis utover i laktasjonen.



Det er eit viktig spørsmål om vi brukar kraftføret vi gir gjennom laktasjonen på ein slik måte at vi verkeleg utnyttar geita sin opptakskapasitet for grovfôr og at vi får mest mogleg att for kraftføret vi brukar i form av mjølk.

Gjennom strategiføring, der føringa er planlagt ut frå ei ønska/forventa mjølkekurve og kjent grovførkvalitet, er prinsippet at ein ved eit visst tidspunkt i laktasjonen reduserer kraftføret gradvis og geitene kompenserer for den reduserte kraftføremengda med høgare grovføropptak. Kvaliteten på grovføret har mykje å seie for kor mykje geitene greier å kompensere for med auka opptak.

Når geitene kjem 4-5 mnd. ut i laktasjonen, vil dei naturleg prioritere meir energi til kroppsreservar og mindre til mjølk. Kraftføret vi gir i denne delen av laktasjonen vert mindre effektivt nytta til mjølk enn i tidleg laktasjon og samstundes har geitene høgare føropptakskapasitet i denne tida. Ei fordeling av kraftføret der ein gir meir i tidleg laktasjon enn i midt-/seinlaktasjon kan kanskje gi betre utnytting av både kraftfôr og grovfôr.



Fastmonterte mjølkemålarar gjer vegarbeid og prøveuttak enkelt. (Foto: Hege Gonsholt)

Ein slik strategi krev at ein har kontroll på utviklinga i yting og tørrstoffproduksjon (energikorrigert mjølk) gjennom regelmessig mjølkeveging og prøvetaking.

Av Helga Kvamsås
og Hege Gonsholt,
Topp Team Føring Geit

NORSK-
PRODUSERT

STREKKMETALL

mjelve design



«Det har alltid vært sau på familiegården som jeg overtok for 12 år siden. Vi bygde nytt sauefjøs på 350m² for 200 vinterføret sau i 2010.

Med min bakgrunn i byggefaget, var det et overordnet mål for meg å bygge et så lett-drevet og effektivt sauefjøs som mulig. I det gamle sauefjøset har det vært strekkmetall fra Midthaug på gulvet siden 1980. Da materiale til nytt gulv skulle velges, gjorde jeg en grundig økonomisk og driftsmessig vurdering av flere alternative løsninger, og valget falt også denne gang på strekkmetall. Strekkmetall drenerer godt og sauene sliter klauvene fint og jevnt. Strekkmetallet har lang levetid og er gunstig økonomisk».

Sauebonde og sivilingeniør i byggeteknikk, Ole Arne Asphol, Kleive i Romsdal.



- Tykkelse: 3,0 – 3,5 – 4,0 mm galvanisert
- Bredder: 1,0 – 1,2 m
- Lengde: 2,0 – 2,4 m
- Løse eller selvbærende rammer
- Spesielløsninger: Bredder opp til 1,5 m, Lengde opp til 3,0 m

midthaug

6453 Kleive | Tlf: 71 20 15 00

www.midthaug.no | post@midthaug.no